Barnevernstenesta

Barnevernstenesta: Totalt tilmelde saker: 98, tiltak: 81, omsorgssaker: 7, fristbrot undersøkingssaker: 2,04%. Tenesta har 7 årsverk.

Barnevernstenesta er aktiv bidragsytande til tverrfagleg samarbeid for å sikre sårbare barn og familiar. Sikre at barn som lever under forhold som kan vere skadeleg får nødvendig hjelp.

Tenesta er på god veg i arbeidet med styrking av relasjonar og i møtekome uttalte og vurderte behov. Ein har målbart auka kontaktpunkta med barn og familiar. Ein har styrka tenesta med vurdering av barnets beste, relasjonskompetanse og psykisk helse. Dei fleste borna i tenesta har aktive tiltaksplanar og ein arbeider for hyppigare planevalueringar. Ein har arbeidd med å styrke samarbeid med dei ulike tenestetilboda i kommunen.

Barneverntenesta arbeider for å vere synlege i ulike forum, deltek på fagmøte i barnehagar og skular når det er ønskjeleg. Alle skular og barnehagar har eigen kontaktperson. Tenesta tek i mot NN-saker, drøftar og deltek i ulike samarbeidsprosjekt (TALK, BAPP m.m).

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med undersøkingssaker i barnevernstenesta hausten 2020. Tenesta fekk avvik på manglande internkontroll og svikt i dokumentasjon og forsvarleg saksbehandling.Tenesta hadde ikkje dokumentert vurdering av barnets beste i sakene som var undersøkt. Avviket er no lukka og det blir arbeidd med styrking av internkontroll på saksbehandlingsområde.

Kostra, barnevern 2020

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta pr. innbyggar 0 -22 år	kr	4404	8541	8387
Barn med melding ift innbyggarar 0 -17 år	Prosent	3,8	4,7	4,6
Prosentandel barn med undersøking ift innbyggarar 0-17 år	Prosent	3,6	4,9	4,8
Barn med barnevernstiltak ift innbyggarar 0-22 år	Prosent	4,3	4,8	3,8
Brutto driftsutgifter pr. barn med undersøking eller tiltak	kr	45 547	50 410	54 645
Brutto driftsutgifter pr. barn som er plassert av barnevernet	kr	252 647	437 016	433 312
Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk	antall	21,2	17,8	17,5
Undersøkingar med handsaming innan 3 mnd	Prosent	91	88	90

Kostra nøkkeltal for 2021 var ikkje publisert ved levering av årsmelding, difor ligg kostratal frå 2020.